

Framlegg frå Jan Utkilen i sak om «Høyring vedr. nedlegging av Blomvåg skule og påfølgjande justering av skulekringsgrensene

Kommunestyret gjorde i samband med budsjett 2021 følgjande vedtak :

«Basert på samla skulekapasitet og elevtalsutviklinga på tvers av fleire skular i gamle Øygarden kommune, vert det vurdert som mogleg å legge ned ein skule frå skuleåret 2021/2022. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer nedlegging av Blomvåg skule. Prosessen må ta høgde for høyring, medverknad og justering av kringsgrenser slik at elevane kan flyttast til Tjeldstø og Rong skule».

Dette er ei vanskeleg sak for alle parter med mange følelsar, difor var det forventa at saka skulle være balansert med fakta for og imot nedlegging av Blomvåg skule utan å konkludere med andre føresetnader enn det som er lagt inn i budsjettvedtaket.

Kommunedirektøren har lagt inn i saka føresetnader som ikkje er forankra politisk med å tilrå at det vert laga ein heilskapleg skulebruksplan når kommuneplanen sin samfunnsdel er ferdig. Det inneber at saka vert utsett på ubestemt tid. Saka er heller ikkje godt nok utgreidd for kunne sendast ut på høyring. Saka vert på den bakgrunn utsett til møte i juni i UTL.

UTL gjer slikt vedtak:

1. Saka vert utsett til møte den 9. juni i UTL.

2. Følgjande forhold skal omtalast i høyringsframlegget;

a. Eit oversyn over totalt areal med klasserom, arealnorm og spesialrom på den einsskilde skule. Ut frå dette ei vurdering av mogleg elevkapasitet og godkjent elevkapasitet, jamfør høyringsuttale om kapasitet frå SU Tjeldstø skule til budsjettframlegget 2021.

b. Ei kortfatta vurdering av byggteknisk tilstand ut frå byggeføreskrift og standard på dei tre skulane. I noverande sak framstår dei byggteknisk likeverdige gjennom formuleringa «Meget god».

c. Utbygging og ombygging av Blomvåg skule ferdigstilt 2002, innebar at skulen vart fulldelt. Det var planlagt eit andre byggetrinn med klasserom og spesialrom som ikkje vart gjennomført. Er oppgitt elevtalskapasitet basert på faktisk undervisningsareal eller inngår også byggetrinn to?

d. Kort oversyn med reiseavstand for bygdene til dagens skule og reiseavstand ved eventuell nedlegging av Blomvåg skule med tilhøyrande kringsgrensejustering som skissert i saka. Oversikta kan ta utgangspunkt i delområda nytta i saka.

e. Oversikt over balanseført verdi og eventuelle resterande lån ført på bygningsmassen for dei tre skulane.

f. Dersom Tjeldstø skule er godkjent etter miljøretta helsevern, må dette rettast opp i saka.

g. Naudsynt vedlikehald på Blomvåg skule dei seinare år, vert i saka omtalt som ei rehabilitering. Har vedlikehaldet medført byggteknisk endring av bygget?

h. Etablert industri og vidare vekst i området er synleggjort som eit usikkerheitsmoment. Har kommunen oversyn over arbeidspendling til dei store industrianlegga i nærområdet i dag?

i. Innsparinga ved ei nedlegging av Blomvåg skule vil ha kunne ha eit årleg potensiale på rundt 4-5 millionar og samla 20-25 millionar dei neste fem åra, og utvalet ber om at Kommunedirektøren syner korleis ein "vektar" dette mot andre aktuelle innsparingstiltak, og kva tiltak dette er.

3. Høyringsframlegget skal fremma følgjande to alternative forslag til vedtak utan å syne til at det først skal lagast ein ny skulebruksplan og at denne vert en del av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Alternativ A:

1. Kommunestyret vedtek å ikkje legge ned Blomvåg skule.

Alternativ B:

1. Kommunestyret vedtek å leggje ned Blomvåg skule frå skuleåret 2022/23.

2. Som følge av nedlegging av Blomvåg skule vedtek kommunestyret følgjande justering av skulekrinsgrensa mellom Rong og Tjeldstø: Tjeldstø skulekrins vert utvida sørover til å gå til Osundet. Elevane nord for Osundet soknar til Tjeldstø skule. Rong skulekrins vert utvida nordover til Osundet. Elevane sør for Osundet soknar til Rong skule. Dette gjeld også frå skuleåret 2022/23